



Statens vegvesen Region vest

14 JAN 2016

Statens vegvesen
Region vest

Vegnr: E 39

Kommune: Lindås

G-prosjekt: 2015-556

Prosjektnr.: 304883

Mimesak: 2015255095

Kjøpekontrakt15/255095-3
431-1263**Kjøpar:** Statens vegvesen Region vest.**Seljarar:** Gudmund Eide, eigar av gnr.233, bnr.9
Adresse: Ladberget 12, 5993 Ostereidet.**1. Avståing**

Overnemte seljar avstår naudsynt grunn og rettar i samband med bygging av teknisk bygg ved Bjørsviktunnelen, sjå kartutsnitt på s.4 i kjøpekontrakten. Sjølve bygget vert ca 20 m langt og 5 m breitt. I tillegg kjem areal som er nødvendig for tilkomst til bygningen og for vedlikehald. Totalt vert areal på bygg og tilleggsareal som kjem inn på gnr.233, bnr.9 på ca 150 m² (gul farge på kartutsnittet på s.4). Endeleg storleik på arealet som skal avståast blir avgjort når arealet skal oppmålast som ledd i frådeling frå eigedomen. Areal som me kan kome inn på under bygging, midlertidig beslaglagt areal, (grøn farge på kartutsnittet på s.4) er på ca 160 m².

2. Erstatning

Det er semje om følgjande erstatning:

	Mengde	a kr	Sum kr
Areal for oppsetjing av teknisk bygg (rund sum)	1	2.000,-	2.000,-
Total erstatning:			2.000,-

Der det ikkje er gjort endeleg oppmåling, er erstatningane førebels. Erstatningar fastsatt som rund sum (RS) er endelege; jfr. pkt. 4b. Foreløpig oppgjer i samsvar med punkt 4b er satt til kr.2.000,- og rentefoten etter punkt 4b til 3,5 % p.a.

3. Spesielle kontraktvilkår**a) Oppsetjing av gjerde/sikringsgjerde i fjellsida ovanfor det tekniske bygget.**

Tiltakshavar skal sette opp gjerde/sikringsgjerde i fjellsida ovanfor det tekniske bygget.

b) Tilbakeføring av midlertidig beslag av areal

Areal som vert ramma av anleggsinngrep tilbakeførast like gode som før inngrepet.

4. Generelle kontraktvilkår

Følgjande generelle kontraktvilkår gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Avståing

Mindre avvik i avstått areal som skyldast uventa forhold må påreknast. Statens vegvesens retningslinjer for grunnerverv inneber at normalt skal veggrunn avståast til ca 1 meter frå

fyllingsfot, skjeringstopp eller grøftkant, eller mist 3 meter frå vegkant. Grunnen blir avstått med alle påståande innretningar, vegetasjon med vidare.

b) Erstatning, oppgjjer og rente

Erstatningane skal dekkje alle skader og ulemper som avståinga, veganlegget og drifta av vegen i framtida vil føre med seg. Særlege skader som måtte oppstå som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

Når kontrakten er underskriven, betalar vegvesenet ut førebels oppgjjer etter punkt 2 i kontrakten. Endeleg oppgjjer skal skje etter at oppmåling er utført, normalt ikkje før veganlegget er fullført. For utbetaling direkte til eigarar, tek kjøparen atterhald om samtykke frå eventuelle panthavarar. Samtykke blir innhenta av kjøpar.

Vegvesenet betaler rente av den erstatninga eigar/festar eventuelt har til gode, med rentefot fastsett under punkt 2. Renta blir rekna frå det tidspunkt kontrakten er inngått dersom anna ikkje følgjer av særskild avtale (f.eks. arbeidsløyve).

Når erstatningane er avtalte som rund sum, blir endeleg oppgjjer utbetalt når kontrakten er inngått. Dersom utbetaling skjer innan 4 veker, blir det ikkje betalt rente i slike tilfelle.

Denne kontrakten fell bort om forskot ikkje er utbetalt, eller om arealet ikkje er tatt i bruk innan 2 år frå kontrakten er underskriven.

c) Flytting av gjerde og andre innretningar

Eventuell frist for flytting av gjerde eller andre innretningar som seljar skal behalde, er angitt i punkt 3. Gjerde skal plasserast etter rettleiing frå vegvesenet.

d) Leidningar

Nødvendig omlegging av lovleg lagde leidningar vil bli utført og kosta av vegvesenet. Dette gjeld likevel ikkje dersom løyve til legging av leidningane er gitt på spesielle vilkår. Omlegginga fører ikkje til endringar når det gjeld ansvaret for leidningane.

e) Avkjørsler og tilkomstilhøve

Eventuelle endringar i avkjørsler eller tilkomstilhøve framgår av planteikningane eller er fastlagde under punkt 3. Framtidig vedlikehald av avkjørsler eller tilkomstvegar er vegvesenet uvedkommande.

f) Søknad om frådeling og registrering i matrikkelen

Melding om at avtale er inngått vil bli sendt til kommunen for registrering i matrikkelen i samsvar med § 22 i matrikkelloven. Når oppmåling og matrikkelføring er fullført vil registreringa bli fjerna frå matrikkelen. Kjøpar får fullmakt til å søkja kommunen om løyve etter § 20-1 bokstav m i plan- og bygningsloven om frådeling av arealet og rekvirere oppmålingsforretning etter § 35 i Matrikkelloven.

g) Tiltreding

Vegvesenet kan ta grunnen i bruk når denne kontrakt er underskriven.

Seljar:

04.01.2016
.....den.....

Gudmund Eide
.....

Gudmund Eide

Kontonummer:

.....

For kjøpar:

Bergen 08.01.2016
.....den.....



Statens vegvesen
Region vest

Jorunn Nesheim
.....

Jorunn Nesheim

For Statens vegvesen Region vest



Statens vegvesen

Gudmund Eide
Ladberget 12
5993 OSTEREIDET

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Jorunn Nesheim / 55516883

Vår referanse:
15/255095-4

Deres referanse:

Vår dato:
28.01.2016

E 39 – Teknisk bygg ved Bjørsviktunnelen i Lindås kommune. Flytting av byggen ca 10 m lenger sør på gnr.233, bnr.9.

Me viser til synfaring på staden saman med deg 18.12.2015, og vidare til inngått avtale 04.01.2016 om plassering av teknisk bygg på eigedomen din ved Bjørsviktunnelen. P.g.a. kraftlinja som går over området, må me bygge det tekniske bygget ca 10 m lenger sør. Tidlegare planlagt plassering er vist på kartvedlegg 1, og den nye plasseringa er vist på kartvedlegg 2 til dette brevet. Storleiken på bygget er den same som først planlagt.

Dersom du har innvendingar til dette, ber me om at du tar kontakt med underteikna Jorunn Nesheim på mob 93 87 67 67 så snart som muleg.

Med hilsen

Jorunn Nesheim
Grunnervervar

Vedlegg: 2

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Vedlegg: 1

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

